

## Søknad om utslepp av sanitært avløpsvatn frå bustader, hytter og liknande

Søknadsskjemaet gjeld for etablering av nye utslepp og endring (auka påslepp, ombygging og anna) av eksisterande utslepp av sanitært avløpsvatn på mindre enn 50 pe, jamfør forureiningsforskrifta kapittel 12. Skjemaet gjeld og for utslepp av gråvatn, dersom det er innlagt vatn. Skjemaet gjeld ikkje for påkopling til offentleg avløpsnett.

### Eigedom/byggestad:

Gnr	Bnr	Fnr
Adresse		
Postnr	Poststad	

### Søkjar:

Søkjar er enkeltperson

Førenamn	
Etternamn	
Adresse	
Postnr	Poststad
Epost	
Telefon	

Søkjar er føretak/organisasjon/sameige

Organisasjonsnr
Organisasjonsnamn
Kontaktperson
Epost
Telefon

Søkjaren er ikkje den same som eigar av eigedomen

Eventuell namn og adresse til eigaren:
--

### Søknaden gjeld:

Type utslepp:

- Nytt utslepp  
 Vesentleg auke av utslepp  
 Rehabilitering av eksisterande utslepp

Type bygg:

- Heilårsbustad  
 Fritidsbustad/hytte  
 Annan bygning

Det skal installerast vassklosett

### Planstatus:

Er tiltaket i samsvar med gjeldande plan for området, jamfør plan- og bygningslova?

Ja  Nei

Dersom nei, ligg samtykke frå kommunen si planmynde føre?

Ja  Nei

### Utsleppstad:

- Innsjø/vatn  
 Bekk/elv  
 Elvemunning  
 Sjø  
 Stadeigne lausmassar

Anna:

Namn på utsleppstad	
Koordinatar for utsleppspunktet	
Kartdatum (WGS 84, ESO 50, NGO 48, anna)	
Djupne på utsleppspunktet under lågaste vasstand (minst 2 meter)	<input type="checkbox"/> Ikkje relevant
Utsleppet sin storleik i tal personekvivalentar (pe):	

### Resipient og reinsekrav

Utslepp til følsamt/normalt område (forureiningsforskrifta § 12-8), reinsekrav for sanitært avløpsvatn:

Utsleppsstad med brukarinteresser: 90 % reduksjon av fosfor, 90 % reduksjon av BOF<sub>5</sub>

Utsleppsstad med fare for eutrofiering/overgjødsling, men ingen brukarinteresser: 90 % reduksjon av fosfor og 70 % reduksjon av BOF<sub>5</sub>

Utsleppsstad kor det ikkje er fare for eutrofiering/overgjødsling eller er brukarinteresser: 60 % reduksjon av fosfor og 70 % reduksjon av BOF<sub>5</sub>

Berre utslepp av gråvatn, alle utsleppsstader. Stadeigne lausmassar eller tilsvarande

Spesifiser:

Utslepp til mindre følsamt område (forureiningsforskrifta § 12-9), reinsekrav for sanitært avløpsvatn, utslepp til sjø:

20 % reduksjon av suspendert stoff

180 mg suspendert stoff/liter i restkonsentrasjon

Berre utslepp av gråvatn, utslepp til sjø

Det blir søkt om unntak frå §§ 12-8 eller 12-9 / lokale krav i forskrift eller plan

Spesifisert i vedlegg B.

### Type reinseanlegg:

Ureinsa, direkte utslepp

Slamavskiljar

Infiltrasjonsanlegg

Filterbed, konstruert våtmark

Sandfilteranlegg

Tett tank for svartvatn og gråvassfilter

Tett tank (for alt avløpsvatn)

Tett tank for svartvatn

Biologisk toalett

Minireinseanlegg  Biologisk  Kjemisk/biologisk

Tilfredsstillar minireinseanlegget NR-EN 12566-3?  Ja  Nei

Anna løysing

Spesifiser:

Anlegget sin dimensjonerte storleik i tal personekvivalentar (pe):

### Vedlegg til søknaden:

Vedlegg		Vedlagt
A	Dokumentasjon frå nøytral fagkyndig (person/firma) som har hjelpt med val av reinsemetode og/eller dokumentasjon av reinsegrad	<input type="checkbox"/> ja
B	Grunngjeving for ynskje om unntak frå §§ 12-7 til 12-13, eventuelt lokale krav i plan eller forskrift. Relevant dokumentasjon er vedlagt.	<input type="checkbox"/> ja <input type="checkbox"/> ikkje relevant
C	Dokumentasjon av reinsegrad jf. § 12-10 og skildring av anlegg, inkludert ev. hygenisering/etterpolering	<input type="checkbox"/> ja
D	Plassering av avløpsanlegg, utsleppstad, eigedomsgrenser og vegtilgang på kart i målestokk 1:5000 eller større	<input type="checkbox"/> ja
E	Liste over eigedomar knytt til avløpsanlegget med gnr/bnr og adresse (om det er fleire enn ein eigedom)	<input type="checkbox"/> ja <input type="checkbox"/> ikkje relevant
F	Oversikt over interesser som utsleppet får følgjer for (drikkevassforsyning, rekreasjon, næringsverksemd, etc.). Utreiing om tiltak for å motverke interessekonfliktar og tiltak for å ta vare på helse og miljø	<input type="checkbox"/> ja
G	Oversikt over kven som er varsla (blant anna naboar, aktuelle lokallag, brønnar/andre kjelder til drikkevatt og vatningsanlegg i området) og kopi av nabovarselet	<input type="checkbox"/> ja <input type="checkbox"/> ikkje relevant
H	Eventuelle mottekne klager/protestar/merknader	<input type="checkbox"/> ja <input type="checkbox"/> ikkje relevant

### Eventuelle merknader (ikkje obligatorisk):



**Vedlegg A****Dokumentasjon frå nøytral fagkyndig**

<b>Informasjon om føretaket</b>			
Namn på føretak:		Kontaktperson:	
Adresse:		E-post:	
Telefon:		Direkte telefon:	
E-post:		Mobil:	
Heimeside:		Org.nr.	
<b>Dokumentasjon av kompetanse</b>			
Føretaket har følgjande kompetanse og erfaring:			
Kort omtale av føretaket:			
<b>Namn på medarbeidar</b>			
Utdanning:		År:	
Relevant erfaring:		År:	
Relevante kurs:		År:	
<b>Referanseprosjekt</b>			

Eg stadfestar med dette at føretaket er eit uavhengig føretak med nødvendig hydrogeologisk og avløpsteknisk kompetanse. Føretaket har ingen økonomisk interesse i søkjaren sitt val av avløpsløyning. Føretaket søker å etablere den reinseløysinga som er best eigna ut frå dei naturgitte og økonomiske føresetnadene og ut frå miljø- og brukarinteresser, utan på førehand å promotere ei bestemd reinseløysing eller ein bestemd produsent.

Stad og dato

Underskrift nøytral fagkyndig

## Vedlegg C

## Vedlegg: C

## Dokumentasjon av reinsegrad og omtale av anlegg

Det er gjennomført synfaring og grunnundersøking på gnr/bnr \_\_\_\_\_ i Sunnfjord kommune for å vurdere kva som er den best eigna avløpsløysinga på eigedommen.

Resultat av grunnundersøking				
Dato for synfaring:				
Gjennomført av:				
Grunnundersøkinga gjennomført ved:	<input type="checkbox"/> Overflatekartlegging	<input type="checkbox"/> Prøve teken ut til kornfordelingsanalyse		
	<input type="checkbox"/> Inspeksjonsbor	<input type="checkbox"/> Infiltrasjonstest		
	<input type="checkbox"/> Skovelbor	<input type="checkbox"/> Anna:		
	<input type="checkbox"/> Sjakting med gravemaskin			
Kort skildring av grunnforholda:				
Skildring av jordprofil:	Kartutsnitt frå den undersøkte eigedommen med lokalisering av prøvelokalitetane er vedlagt		Ja <input type="checkbox"/>	Sjå vedlegg
			Nei <input type="checkbox"/>	
	Lokalitet	Djupn	Skildring av jordmassar	Fastheit/ pakningsgrad
	1			
	2			
3				
Generell kommentar:				
Uttak av prøve/prøvar til kornfordelingsanalyse:	Det er <b>ikkje</b> teke ut prøve til kornfordeling:		<input type="checkbox"/>	
	Det er teke ut __ prøvar til kornfordelingsanalyse. Prøven/prøvane er teken/tekne ut frå følgjande lokalitetar og djupn i jordprofilet: <b>Lokalitet:</b> ____ <b>Djupn i jordprofilet:</b> ____ cm <b>Lokalitet:</b> ____ <b>Djupn i jordprofilet:</b> ____ cm			

<b>Resultat av kornfordelingsanalyse:</b>	Kornfordelingskurve(-ar) er vedlagt(-e):		Ja:	<input type="checkbox"/>	Ikkje relevant:	<input type="checkbox"/>	
			Nei:	<input type="checkbox"/>			
	<b>Prøve 1: Lokalitet og prøvedjupn</b>						
	Sorteringsgrad, So:			Middelkornstorleik, Md:		mm	
	Felt i infiltrasjonsdiagram:						
	Felt 1:		Vassleiingsevne:	meter/døgn			
	Felt 2:		Vassleiingsevne:	meter/døgn			
	Felt 3:		Vassleiingsevne:	meter/døgn			
	Felt 4:		Vassleiingsevne:	meter/døgn			
	<b>Prøve 2: Lokalitet og prøvedjupn</b>						
	Sorteringsgrad, So:			Middelkornstorleik, Md:		mm	
	Felt i infiltrasjonsdiagram:						
	Felt 1:		Vassleiingsevne:	meter/døgn			
	Felt 2:		Vassleiingsevne:	meter/døgn			
	Felt 3:		Vassleiingsevne:	meter/døgn			
	Felt 4:		Vassleiingsevne:	meter/døgn			
<b>Resultat av infiltrasjonstest:</b> (Dersom prøve i felt 1)	Det er <b>ikkje</b> utført infiltrasjonstest						
	Resultat av infiltrasjonstest(-ar) er vedlagt:		Ja:	<input type="checkbox"/>	Ikkje relevant:	<input type="checkbox"/>	
			Nei:	<input type="checkbox"/>			
	<b>Prøve 1: Lokalitet og prøvedjupn</b>						
	Målt vassleiingsevne:		meter/døgn				
	<b>Prøve 2: Lokalitet og prøvedjupn</b>						
Målt vassleiingsevne:		meter/døgn					

<b>Vurdering av grunnforholda på best eigna lokalitet:</b>			
<b>Hellingsretning og fall i terrenget i %:</b>			
<b>Storleiken på eigna lausmassar, m:</b>			
<b>Vassleiingsevna til lausmassane, m/døgn:</b>			
<b>Den hydrauliske kapasiteten til lausmassane, m<sup>3</sup>/døgn:</b>	_____ m <sup>3</sup> per døgn.		
<b>Infiltrasjonskapasitet for avløpsvatn, liter per m<sup>2</sup> og døgn:</b>	_____ liter per m <sup>2</sup> og døgn.		
<b>Skildring av reinsemedieeigenskapane til lausmassane:</b>			
<b>Kan det oppstå konflikhtar i samband med lokale drikkevasskjelder eller busetnad i nærleiken?</b>			
<b>Er det mogleg å etablere reinseanlegg med infiltrasjon i stadeigne lausmassar?</b>	Ja:	<input type="checkbox"/>	<b>Kommentar:</b>
	Nei:	<input type="checkbox"/>	

<b>Beskriving/dokumentasjon av anlegg:</b>						
<b>Tilrådd anleggstype (set kryss):</b>	Infiltrasjonsanlegg:	<input type="checkbox"/>				
	Minireinseanlegg:	<input type="checkbox"/>				
	Filterbedanlegg:	<input type="checkbox"/>				
	Biologisk gråvassfilter:	<input type="checkbox"/>	Saman med separat toalettøysing			
	Sandfilteranlegg:	<input type="checkbox"/>				
	Anna:	<input type="checkbox"/>				
<b>Type busetnad:</b>	Bustad:	<input type="checkbox"/>	Hytte:	<input type="checkbox"/>	Forsamlingslokale:	<input type="checkbox"/>
	Turistverksemd:	<input type="checkbox"/>	Anna:			
<b>Dimensjonerande pe:</b>	pe					
<b>Dimensjonerande vassmengd:</b>	liter/døgn					
<b>Dimensjoneringsgrunnlag/ dokumentasjon:</b>	VA/Miljø-Blad 48, Slamavskiljar				<input type="checkbox"/>	
	NS-EN 12566-1:2000+A1, harmonisert standard for prefabrikkerte slamavskiljarar opptil 50 pe				<input type="checkbox"/>	
	NS-EN 12566-3, prefabrikkerte avløpsreinseanlegg og/eller montert på staden, for opptil 50 pe				<input type="checkbox"/>	
	VA/Miljø-Blad 49, våtmarksfilter				<input type="checkbox"/>	
	VA/Miljø-Blad 59, lukka infiltrasjonsanlegg				<input type="checkbox"/>	
	VA/Miljø-Blad 60, biologiske filter for gråvatn				<input type="checkbox"/>	
	Kapittel 7 i forskrift om utslepp frå separate avløpsanlegg, fastsett av MD i 1992 (gjeld sandfilteranlegg)				<input type="checkbox"/>	
	NS 9426, føresegn av personekvivalentar (pe) i samband med utsleppsløyve for avløpsvatn				<input type="checkbox"/>	
	Andre standardar:				<input type="checkbox"/>	
Andre normer/retningslinjer:				<input type="checkbox"/>		
<b>Kort skildring av anlegg (type, storleik, komponentar etc.)</b>						

<b>Samletank</b>		Volum:	m <sup>3</sup>		<u>Kommentar:</u>
		Alarm for høgt vassivå:	Ja	<input type="checkbox"/>	
			Nei	<input type="checkbox"/>	
Ikkje relevant:		Anna:			
<b>Slamavskiljar</b>		Volum:	m <sup>3</sup>		<u>Kommentar:</u>
		Tal på kammer:			
Ikkje relevant:		Anna:			
<b>Pumpekum</b>		Volum:	m <sup>3</sup>		<u>Kommentar:</u>
		Pumpekapasitet:	l/sek		
		Støytvolum:	liter		
		Alarm for høgt vassnivå	Ja	<input type="checkbox"/>	
Nei	<input type="checkbox"/>				
Ikkje relevant:		Anna:			
<b>Biofilter:</b>		Filterareal:	m <sup>2</sup>		<u>Kommentar:</u>
		Høgd filtermateriale:	m		
		Type filtermateriale:			
		Type spreiesystem:			
Ikkje relevant:		Anna:			
<b>Fordelingskum:</b>		Type fordeling:			<u>Kommentar:</u>
Ikkje relevant:					

<b>Infiltrasjonsfilter:</b>	Filterareal:	m <sup>2</sup>	<u>Kommentar:</u>	
	Lengd/breidd:	m		
	Tal på grøfter:			
	Infiltrasjonsdjupn:	cm		
	Fordelingslag:			
	Manifoldrør:			
	Infiltrasjonsrør:			
	Hol i infiltrasjonsrør:			
	Overdekning:			
	Frostisolering:			
Ikkje relevant:		Anna:		
<b>Filterbasseng:</b>	Storleik:	m <sup>2</sup>	<u>Kommentar:</u>	
	Lengd/breidd:	m		
	Botntetting:			
	Type filter-materiale:			
	Djupn filter:	m		
	Overdekning:			
	Frostisolering:			
Ikkje relevant:		Anna:		
<b>Minireinseanlegg:</b>	Type anlegg:		<u>Kommentar:</u>	
	Biologisk/kjemisk:			
	Biologisk:			
	Kjemisk:			
	Etterpolering/hygienisering:	Ja:		<u>Beskriving etterpolering:</u>
	Nei:			
Ikkje relevant:				

<b>Sandfilter:</b>	Filterareal:	m <sup>2</sup>	<u>Kommentar:</u>
	Lengd/breidd:		
	Tal på spreierør:		
	Type filter- materiale:		
	Fordelingslag:		
	Infiltrasjonsrør:		
	Hol i infiltrasjonsrør:		
	Overdekning:		
Ikkje relevant:		Frostisolering:	
<b>Inspeksjons-/ prøvetakingskum:</b>	Volum:	m <sup>3</sup>	<u>Kommentar:</u>
	Ikkje relevant:		
<b>Etterpolerings-/ utsleppsfilter:</b>	Filterareal:	m <sup>2</sup>	<u>Kommentar:</u>
	Lengd/breidd:	m	
	Tal på grøfter:		
	Infiltrasjonsdjupn:	cm	
	Fordelingslag:		
	Infiltrasjonsrør:		
	Hol i infiltrasjonsrør:		
	Overdekning:		
	Frostisolering:		
Ikkje relevant:		Anna:	
<b>Generell kommentar om frostisolering av anlegget:</b>			

**Utsleppstad:** Nedanfor er det gitt ei kort beskriving av utsleppsstad. Ei meir utfyllande beskriving finst i vedlegg F, «Oversikt over påverka interesser».

**Behov for service/vedlikehald:** Alle typar separate avløpsanlegg treng eit minimum av tilsyn og kontroll for å fungere som føreset. Nedanfor er det gitt ei kort beskriving av service- og vedlikehaldsbehova til den omsøkte løysinga.

### 1) **Berekening av hydraulisk kapasitet (m<sup>3</sup>/døgn)**

Hydraulisk kapasitet er eit mål for mengda vatn som kan strøyme gjennom ei gitt lausmasseavsetjing over ein tidsperiode. Dersom ein går over den hydrauliske kapasiteten, vil grunnvasstanden stige som følgje av at jordmassane ikkje greier å ta unna dei tilførte vassmengdene. Der ein treng sikre tal for den hydrauliske kapasiteten, må det gjennomførast prøveinfiltrasjon. Alternativet er berekingar som er baserte på data som er samla inn gjennom grunnundersøkingar.

For å berekne den hydrauliske kapasiteten kan følgjande formel nyttast:

$$Q = K \cdot M \cdot B \cdot I$$

Q = den hydrauliske kapasiteten til jordmassane (m<sup>3</sup> per døgn)

K = vassleiingsevna til jordmassane (meter per døgn)

M = den nyttbare tjukkeleiken til jordmassane til transport av infiltrert avløpsvatn (meter)

B = breidda på området som blir nytta til å transportere infiltrert avløpsvatn (meter)

I = gradienten på jordmassar med låg vassgjennomtrengjelegheit

For å berekne den hydrauliske kapasiteten er følgjande verdiar nytta:

$$K = \text{xx} \text{ m/døgn} \quad M = \text{xx} \text{ m} \quad B = \text{xx} \text{ m} \quad I = \text{x} \%$$

Den hydrauliske kapasiteten til jordmassane er etter desse tala berekna til xxx m<sup>3</sup> per døgn.

### 2) **Infiltrasjonskapasitet (liter/m<sup>2</sup> og døgn) for avløpsvatn**

Infiltrasjonskapasitet er kapasiteten jorda har til å ta imot slamavskilt avløpsvatn. Verdien blir bestemd ut frå kornfordelinga og vassgjennomtrengjelegheita til jordmassane.

Infiltrasjonskapasiteten er dermed eit mål på mengda avløpsvatn som kan infiltrerast i ei gitt lausmasseavsetjing. Basert på kornfordeling og sortering blir jordmassane delte i fire dimensjoneringsklassar. Infiltrasjonskapasiteten til sand (klasse 2) og grusig sand (klasse 3) er oppgitt i VA/Miljø-blad nr. 59. Infiltrasjonskapasiteten i finkornige massar (klasse 1) blir bestemd på grunnlag av infiltrasjonstestar som er utførte i felt. Ut frå målt vassleiingsevne blir infiltrasjonskapasiteten bestemd etter VA/Miljø-blad nr. 59. For grove massar (klasse 4) må det leggjast inn eit lag med filtersand.


Jordmassane hamnar i felt <x> i infiltrasjonsdiagrammet og har i samsvar med VA/Miljø-Blad nr. 59 ein infiltrasjonskapasitet på <xx> liter per m<sup>2</sup> og døgn. Dimensjonerande vassmengd er <xxxx> liter per døgn. Basert på desse grunnlagstala skal infiltrasjonsfilteret ha ei filterflate på <xxx> m<sup>2</sup>.

## Vedlegg D

# Kartvedlegg til utsleppssøknad – kva bør ein oppgi på kartet?

Kart over den aktuelle eigedommen i målestokk 1:5000 eller større skal leggjast ved søknad om utsleppsløyve, helst i målestokk 1:500 eller 1:1000. Busetnad, eigedomsgrenser og vegtilkomst skal komme fram av kartet. I tillegg bør minimum følgjande opplysningar vere oppgitt på kartet:

- Gnr./bnr. på den aktuelle eigedommen
- Målestokk på kartet, t.d. M 1:1000

- Pil som oppgir nord på kartet: **N** 
- Tilrådd lokalisering av kummar:

**Slamavskiljar:**



**Pumpekum:**



**Kum:**

(fordelingskum,  
inspeksjonskum,  
prøvetakingskum)



**Reinseanlegg:**


(minireinseanlegg  
eller reinseanlegg  
for gråvatn)



**Tett tank:**



- Lokalisering av areal for infiltrasjon:
- Lokalisering tømme plass:
- Lokalisering av brønnar:



Det viktig å spesifisere i kommentaren kva type brønnar det er snakk om, til dømes borebrønn i fjell, borebrønn i lausmassar eller graven brønn.

- Straumretning for infiltrert vatn i grunnen:




- Registrert fjell i dagen:




- Undersøkte lokalitetar:



- Spillvatn sjølvfallsleidning
- Spillvatn pumpeleidning
- Avstand til eit fastpunkt



Døme på kartvedlegg er vist nedanfor.



### Tegnforklaring:

Slamavskiller og pumpekum



Infiltrasjonsfilter



Fordelingskum



Selvfallsledning



Pumpeledning




Drikkevannsbrønn



Strømningsretning



Undersøkte lokaliteter



Fjell i dagen



Avstand til fastpunkt



Kart over den undersøkte eiendommen, gnr/bnr. 0/0, i NN kommune med lokalisering av avløpsrenseanlegg.

Infiltrasjonsfilteret skal lokaliseres som vist på kartet.

Lokalisering av kummer er et forslag, men det er viktig at kummer lokaliseres slik at de er tilgjengelige for tømning og service/vedlikehold.

## Vedlegg F

## Oversikt over interessene som reinseløysing og utsleppspunkt vil få følgjer for

Brukarinteresser vil vere avgjerande når ein skal velje reinseløysing og utsleppspunkt. Dette skjemaet gir ei oversikt over kva brukarinteresser val av reinseløysing og utsleppspunkt vil få følgjer for. Tiltak for å motverke ein eventuell interessekonflikt og for å verne om helse og miljø blir beskrivne.

Utsleppsstad: (set kryss)									
Innsjø:	<input type="checkbox"/>	Namn:		Utsleppsdjupn	meter				
Sjø:	<input type="checkbox"/>	Namn:		Utsleppsdjupn	meter				
Elv:	<input type="checkbox"/>	Namn:		Heilårs vassføring:	Ja	<input type="checkbox"/>	Nei	<input type="checkbox"/>	
Bekk:	<input type="checkbox"/>	Namn:		Heilårs vassføring:	Ja	<input type="checkbox"/>	Nei	<input type="checkbox"/>	
Elve- munning:	<input type="checkbox"/>	Namn:							
Stadeigne lausmassar:	<input type="checkbox"/>	Omtale:							
Anna:	<input type="checkbox"/>	Omtale:							
Merknad:									
Brukarinteresser som val av reinseløysing og utsleppspunkt vil få følgjer for:									
Drikkevassforsyning:	Ikkje relevant:			<input type="checkbox"/>					
Lokale brønner:		Borebrønner:		Gravne brønner:					
Kommunal vassforsyning:									
Kan lokal drikkevasskjelde bli forureina av utsleppet?	Ja	<input type="checkbox"/>	Nei	<input type="checkbox"/>					
Kvar er utsleppsstaden plassert i forhold til den lokale drikkevasskjelda?									
Beskriv tiltak for å motverke konflikt med drikkevatt:									

<b>Badeplass:</b>	Ikkje relevant:		<input type="checkbox"/>	
Får det omsøkte utsleppet følgjer for badeplass?	Ja	<input type="checkbox"/>	Nei	<input type="checkbox"/>
Kvar er utsleppsstaden plassert i forhold til badeplass?				
Beskriv tiltak for å motverke konflikt med badeplass:				
<b>Fiskeplass:</b>	Ikkje relevant:		<input type="checkbox"/>	
Får det omsøkte utsleppet følgjer for fiskeplass?	Ja	<input type="checkbox"/>	Nei	<input type="checkbox"/>
Kvar er utsleppsstaden plassert i forhold til fiskeplass?				
Beskriv tiltak for å motverke konflikt med fiskeplass:				
<b>Rekreasjon</b> (leikeområde, turområde etc.) og <b>estetiske forhold</b> (t.d. terreng- eller vegetasjonsendringar i forhold til anna busetjing):	Ikkje relevant:		<input type="checkbox"/>	
Får det omsøkte utsleppet følgjer for rekreasjonsområde og/eller estetiske forhold?	Ja	<input type="checkbox"/>	Nei	<input type="checkbox"/>
Får det omsøkte utsleppet følgjer for nærområde til anna busetjing?	Ja	<input type="checkbox"/>	Nei	<input type="checkbox"/>
Kvar er utsleppsstaden plassert i forhold til rekreasjonsområde eller anna busetjing?				
Beskriv tiltak for å motverke konflikt med rekreasjonsområde eller anna busetjing:				
<b>Næringsverksemd</b> (vatningsvatn, grønnsaksdyrking, beiteområde etc.):	Ikkje relevant:		<input type="checkbox"/>	
Får det omsøkte utsleppet følgjer for næringsverksemd?	Ja	<input type="checkbox"/>	Nei	<input type="checkbox"/>
Kvar er utsleppsstaden plassert i forhold til næringsverksemd?				
Beskriv tiltak for å motverke konflikt med næringsverksemd:				

<b>Andre brukarinteresser:</b>	Ikkje relevant	<input type="checkbox"/>	
Beskriving:			
Får det omsøkte utsleppet følger for andre brukarinteresser?	Ja	<input type="checkbox"/>	Nei <input type="checkbox"/>
Kvar er utsleppsstaden plassert i forhold til andre brukarinteresser?			
Beskriv tiltak for å motverke konflikt med andre brukarinteresser:			
<b>Generell beskriving av tiltak for å verne om helse og miljø:</b>			
<b>Generell merknad om brukarinteresser:</b>			

## Rettleiing til søkjar

### Søknad om utslepp av sanitært og kommunalt avløpsvatn frå hus og hytter, under 50 pe – kapittel 12 i forureiningsforskrifta

Les denne rettleiinga før du fyller ut søknadsskjemaet.

Fleire kommunar har utarbeidd eigne søknadsskjema for utslepp av avløpsvatn etter lokale krav. Kontakt derfor i første omgang kommunen for å høyre kva krav som gjeld i din kommune. Ver merksam på at kommunen kan **krevje gebyr for** saksbehandling av søknad om utslepp, jamfør § 11-4 i forureiningsforskrifta.

Du finn meir informasjon og rettleiing på

- [www.avlop.no](http://www.avlop.no)
- [www.norskvann.no](http://www.norskvann.no)

På [www.avlop.no](http://www.avlop.no) finn du også eksempel på utfylling av søknadsskjema med vedlegg.

#### ***Kven har søknadsplikt?***

Utslepp av sanitært avløpsvatn er søknadspliktig, jamfør forureiningsforskrifta kapittel 12. Du må søkje kommunen om utsleppsløyve både når du skal etablere eit nytt utslepp, og når du skal auke eit eksisterande utslepp utover dei eksisterande rammene. Du må også søkje dersom du skal endre type utslepp eller utsleppsstad. Kontakt kommunen dersom du er usikker på om du treng søkje.

Det er søkjaren sitt ansvar å fylle ut ein nøyaktig og fullstendig søknad med alle opplysningane kommunen treng for å kunne behandle han. Kommunen startar behandlinga av søknaden når det ligg føre eit fullstendig utfylt søknadsskjema med alle nødvendige vedlegg. Kommunen behandlar søknaden innan 6 veker frå fullstendig skjema med vedlegg er motteke. Manglar det opplysningar eller dokumentasjon, vil dette kunne forseinke behandlinga. Dersom du har søkt om unntak frå standardkrava i forureiningsforskrifta kapittel 12, eller eventuelt frå lokale forskrifter, gjeld ikkje den absolutte saksbehandlingsfristen på 6 veker.

#### ***Kva må du gjere i god tid før du søkjer?***

Ta kontakt med kommunen for å få vite kva krav og eventuelle lokale tilpassingar som gjeld der du vil sleppe ut avløpsvatn. Finn ut kva som er kravd av informasjon og dokumentasjon i ein søknad om utsleppsløyve. Kommunen har plikt til å gi rettleiing om korleis du skal søkje, og om kva vilkår og krav som gjeld. Du må også sjekke med plan- og byggjesaksavdelinga i kommunen om det planlagde avløpsanlegget er i samsvar med kommunen sine planar etter plan- og bygningslova. Dersom det ikkje er samsvar, må du hente inn samtykke. Det kan krevje politisk behandling.

Hent inn nødvendig informasjon og dokumentasjon. Det er du som søkjar som skal hente inn all nødvendig informasjon og vise at det planlagde utsleppet er i tråd med krava. Det kan ta tid å samle alt, så berekn god tid.

Du har plikt til å varsle naboar og andre spesielt involverte. Andre spesielt involverte kan for eksempel vere lag og foreiningar, eller andre som har friluftsinteresser i området. Når du sender varsel til desse, skal du samtidig sende kopi til kommunen. Dersom du er i tvil om kven som skal ha varsel, kan du få ei liste over desse frå kommunen. Varsel skal sendast ut med svarfrist på minimum fire veker. Du må sjølv sørge for å få kvittering for at varselet er sendt (for eksempel kvittering på rekommandert brev, underskrift eller liknande).

Til søknaden må du leggje ved ei oversikt over kven som er varsla, kopi av varselet og kvitteringar (vedlegg G). Du må også leggje ved eventuelle fråsegner/protestar du har motteke (vedlegg H). Søknaden om løyve etter kapittel 12 kan ikkje sendast til kommunen før svarfristen på fire veker har gått ut.

***Kva må sendast inn til kommunen, og korleis blir søknaden behandla?***

Når du har fylt ut alle punkta i søknadsskjemaet og har lagt ved alle nødvendige vedlegg, har du levert det vi kallar ein fullstendig søknad. Ein fullstendig søknad skal behandlast av kommunen innan seks veker. Hugs at dersom søknaden manglar opplysningar eller dokumentasjon, vil dette kunne forseinke saksbehandlinga. Dersom du har søkt om unntak frå dei standardiserte reinsekrava i kapittel 12 eller lokale forskrifter, gjeld ikkje den absolutte saksbehandlingsfristen på seks veker.

<b>Eg har sendt søknad om utsleppsløyve til kommunen</b>	<b>Kva tid kan eg vente svar?</b>
Eg har sendt inn ein fullstendig søknad som er i samsvar med standardkrav og eventuelle tilleggskrav frå kommunen.	Søknaden skal behandlast av kommunen innan seks veker. Dersom kommunen ikkje har svart på søknaden innan seks veker, skal løyvet reknast som gitt.
Eg har sendt inn ein fullstendig søknad med krav om unntak frå reinsekrava.	Den absolutte saksbehandlingsfristen til kommunen på 6 veker gjeld ikkje. Saksbehandlinga kan ta lengre tid, men søknaden skal behandlast utan grunnlaust opphald.
Eg har sendt inn ein ufullstendig søknad (ikkje alle punkta i søknadsskjemaet er utfylte, eller det manglar vedlegg).	Søknaden vil ikkje bli behandla.

***Slik fyller du ut søknadsskjemaet***

**1. Ansvarleg (søkjar)**

Her skal du gi alle opplysningar som er nødvendige for at kommunen skal kunne kontakte deg eller sameiget/organisasjonen som søker om utsleppsløyve. Ansvarleg søker er normalt den som eig og driv anlegget (ansvarleg eigar / tiltakshavar), og som er ansvarleg for utsleppet, inkludert for drift og vedlikehald av anlegget. Dersom ansvarleg søker ikkje er den same som ansvarleg eigar, må du informere om det her. Handheving og sanksjonar etter regelverket vil skje overfor ansvarleg eigar.

**2. Søknaden gjeld**

Her skal du opplyse om søknaden gjeld eit nytt utslepp eller ein vesentleg auke av utsleppet. Du må opplyse om søknaden gjeld heilårsbustad, fritidsbustad og/eller annan bygning, og talet på bygningar i dei ulike kategoriane. Dersom det er eller skal installerast vassklosett, må du opplyse om det. Vesentleg auke kan vere at fleire område skal koplust til anlegget, installering av matkvern, vatn eller vassklosett. Ta kontakt med kommunen dersom du er i tvil om kva som er vesentleg auke.

### 3. Eigedom/byggjestad

Her skal du føre opp gardsnummer, bruksnummer (og eventuelt festenummer) og adresse på bygningen eller bygningane som skal knytast til avløpsanlegget. Dersom du ikkje kjenner gards-, bruks- og eventuelt festenummeret, kan du få vite det ved å kontakte kommunen.

Du må sjekke med kommunen om plasseringa og utføringa av det planlagde anlegget er i samsvar med kommunen sine planar etter plan- og bygningslova. Dersom utføringa og/eller lokaliseringa av reinseanlegget ikkje er i samsvar med kommunen sine planar, må du innhente samtykke frå planmyndigheita. Det kan krevje politisk behandling. Hugs å føre opp dato for kva tid samtykket blei gitt.

### 4. Utsleppsstad

Her skal du gi opplysningar om utsleppsområdet. Det vil seie om avløpsvatnet går til innsjø, bekk/elv, grunnvatn, elvemunning, og så vidare. Du skal også føre opp namn på lokalitet og kartkoordinatar. Koordinatar kan du for eksempel finne på eit økonomisk kart / plankart i målestokk (1:5000) eller større frå Statens kartverk. Denne typen kart vil du kunne få tak i hos oppmålingsavdelinga i kommunen (kartteneste, teknisk kontor) og på fylkeskartkontoret. Dei fleste kommunane har ei heimeside der du kan laste ned kart. Sjå også [www.xymap.com](http://www.xymap.com) der ein del kommunar har kart. Hugs å føre opp kva kartdata du bruker, for eksempel WGS 84.P.

Plasseringa og utsleppsstaden til avløpsanlegget skal merkjast av på kartet. På det same kartet skal du også merkje av eigedomsgrenser og eventuell vegtilkomst (for slamtøming, vedlikehald og så vidare). Legg kartet ved søknaden (vedlegg D).

Gjeld søknaden utslepp til vatn, må du føre opp kor mange meter under lågaste vasstand det skal sleppast ut (utsleppsdjupn).

Den forventa storleiken på utsleppet skal førast opp i talet på personekvivalentar (pe). Personekvivalentar er eit mål på mengda organisk materiale i avløpsvatnet. Du kan finne pe på fleire måtar, men dette er hovudreglane:

- Utslepp frå hus og hytter med innlagt vatn og vassklosett: 1 person bidreg med 1 pe.
- Utslepp frå hytter med innlagt vatn utan vassklosett: 1 person bidreg med 0,3 pe.
- Utslepp frå hytter utan innlagt vatn og vassklosett: 1 person bidreg med 0,1 pe.

Ta kontakt med kommunen dersom du er usikker på korleis du reknar ut den forventa storleiken på utsleppet.

#### Eksempel 1:

Eitt hus med innlagt vatn og vassklosett, 6 personar i husstanden:

$1 \times 1 \text{ pe/person} * 6 \text{ personar} = 6 \text{ pe}$ . Den forventa storleiken på utsleppet er 6 pe.

#### Eksempel 2:

Hyttefelt med 4 hytter med innlagt vatn utan vassklosett, 10 sengeplassar per hytte<sup>1)</sup>:

$4 \times 0,3 \text{ pe/person} * 10 \text{ sengeplassar} = 12 \text{ pe}$ . Den forventa storleiken på utsleppet er 12 pe.

<sup>1)</sup> Det vil variere kor mange personar som oppheld seg på ei hytte. Når ein skal rekne ut forventa tal på personekvivalentar, må ein ta utgangspunkt i maksimum tal personar på hytta til same tid. Talet på sengeplassar kan vere eit godt mål på maksimum tal personar / maksimum belastning.

## 5. Reinsegrad

Krava til reinsegrad i dei enkelte kommunane kan vere strengare enn standardkrava i kapittel 12. Ta kontakt med kommunen dersom du er usikker på kva reglar som gjeld. Oppdaterte lokale forskrifter finn du på [www.lovdata.no](http://www.lovdata.no).

Informasjonen om krava til reinsegrad som følgjer nedanfor, rettar seg mot standardkrava i forureiningskrava i kapittel 12.

Kva reinsekrav som gjeld på den staden der du planlegg utsleppet, er avhengig av om utsleppsstaden ligg i eit følsamt/normalt eller mindre følsamt område, om det er brukarkonfliktar involvert, og om det er fare for overgjødsling.

For å finne ut kva reinsekrav som gjeld på den staden du vil sleppe ut avløpsvatn, må du først finne ut om utsleppsstaden ligg i eit følsamt/normalt område eller i eit mindre følsamt område:

- følsamt/normalt område
  - o Følsame/normale område er ferskvatn og kyststrekninga frå svenskegrensa til Lindesnes med tilhøyrande nedbørfelt og Grimstadjorden-området (Nordåsvannet, Grimstadjorden, Mathopen og Dolviken).
- mindre følsamt område
  - o Mindre følsame område er kystfarevatn og elvemunningar frå Lindesnes til Grense Jakobselv unnateke Grimstadjorden-området.

### Følsamt/normalt område

Dersom staden du vil sleppe ut til, er klassifisert som følsamt/normalt område, set du kryss i boksen «Utslippssted i følsomt/normalt område». Deretter må du vurdere eventuelle brukarkonfliktar og/eller fare for overgjødsling. Dersom det er brukarinteresser involvert, skal du krysse av i boks **a**, som er det strengaste reinsekravet. Dersom det derimot ikkje er brukarinteresser involvert, men fare for overgjødsling, kryssar du av i boks **b**, der reinsekravet ikkje er fullt så strengt som for **a**. Dersom det verken er brukarinteresser eller fare for overgjødsling, kryssar du av i boks **c** (det minst strenge kravet).

Gjeld søknaden berre gråvatn (avløpsvatn frå hushald som ikkje inneheld klosettvatn) som blir sleppt ut i stadeigne lausmassar eller liknande, skal du krysse av i boksen «stedegne løsmasser eller tilsvarende».

### Mindre følsamt område

Dersom utsleppsstaden er eit mindre følsamt område, skal du setje kryss i boksen «Utslippssted i mindre følsomt område». Du må i tillegg spesifisere reinsegrad ved å krysse av for anten (a) 20 % reduksjon av suspendert stoff eller (b) maksimum 180 mg suspendert stoff/liter (årleg middelværdi). Gjeld søknaden gråvatn som skal sleppast ut til mindre følsam sjøvassresipient, er det ikkje krav til reinsing, og du kan krysse av i boksen «urenset».

Dersom du søker om unntak frå reinsekrava, skal du krysse av i boksen «Det søkes unntak fra §§12-8 til 12-9 / lokal forskrift». Hugs at du må leggje ved ei grunngeving/spesifisering for ønsket om unntak frå reinsekrava (vedlegg B).

Under punktet «Type renseanlegg» skal du oppgi kva slags reinseanlegg du ønskjer å installere. Gjeld søknaden minireinseanlegg, skal du også fylle ut «Tillegg for minireinseanlegg».

Den dimensjonerte storleiken på anlegget skal førast opp i talet på personekvivalentar pe. Dette finn du for eksempel i dokumentasjonen frå anleggsleverandøren. Når du skal vurdere

kor stort anlegg du skal velje, bør du tenkje i eit perspektiv på 10 år. Anlegget bør uansett ikkje vere dimensjonert for mindre enn 5 pe.

## 6. Vedlegg til søknaden

Søknaden er ikkje rekna som fullstendig før alle nødvendige vedlegg ligg føre. Manglar det vedlegg, kan ikkje kommunen behandle søknaden. Nedanfor finn du ei oversikt over nødvendige vedlegg med forklaring og eventuelt malar.

- A. Namn på nøytral fagkyndig (person/firma) som har hjelpt til med val av reinsemetode og/eller dokumentasjon av reinsegrad**
- Her skal du føre opp kven (nøytral fagkyndig person / firma / leverandør) som har hjelpt deg med utforming og dimensjonering av reinseanlegg, og dokumentasjon av reinsegrad. Ver merksam på at dokumentasjon av reinsegraden til anlegget skal vere utført av ein nøytral fagkyndig.
  - Dersom du skal installere eit ferdigprodusert minireinseanlegg, må dette vere testa i samsvar med NS-EN 12566-3. Sjekk at reinsegraden som er ført opp på CE-merket til minireinseanlegget, tilfredsstillar reinsekravet for ditt utslepp (du har ført opp reinsekrav under punkt 5).
  - For alle andre reinseløysingar må du dokumentere at du har nytta anerkjend dimensjonering og utforming.
- B. Grunngeving for ønske om unntak frå standardreinsekrav §§ 12-8 til 12-9 / lokale reinsekrav eller relevant dokumentasjon**
- Dersom du søker om unntak frå reinsekrav, skal du grunngi dette særskilt. Ver merksam på at dersom du søker om unntak, gjeld utsleppsløyve ikkje kommunen sin absolutte saksbehandlingsfrist på seks veker.
- C. Dokumentasjon av reinsegrad, jamfør § 12-10, og beskriving av anlegg**
- Ver merksam på at dokumentasjonen skal vere utført av fagkyndig. Vedlegget skal også innehalde ei beskriving av anlegget (type/modell/leverandør og så vidare) og korleis det skal drivast.
- D. Plassering av avløpsanlegg, utsleppsstad, eigedomsgrenser og vegtilkomst (for slamtøming, vedlikehald og så vidare) på kart i målestokk 1:5000 eller større**
- E. Liste over eigedommar som er tilknytte avløpsanlegget med gardsnummer, bustadnummer og adresse**
- Dersom du skal knyte deg til eit eksisterande reinseanlegg, må du leggje ved ei liste over kva bygningar som allereie er tilknytte anlegget. Gardsnummer og bustadnummer for desse bygningane får du ved å kontakte kommunen. Dersom det ikkje er fleire bygningar knytte til anlegget, skal du setje kryss i boksen «ikkje relevant» i søknadsskjemaet.
- F. Oversikt over interesser som søknaden vedkjem (drikkevassforsyning, rekreasjon, næringsverksemd og så vidare). Beskriving av tiltak for å motverke interessekonfliktar og tiltak for å sikre helse og miljø**
- Brukarinteresser knytte til utsleppsstaden vil ha stor betydning for plassering og utforming av reinseanlegg eller utsleppspunkt. Vedlegget skal innehalde ei vurdering av interesser som kan/vil bli rørte ved av utsleppet (for eksempel drikkevatt og brønnar, jordvatning, leikeplassar, bading, fiske, turløyper og så vidare), og plasseringa til utsleppsstaden når det gjeld brukarinteresser. Dersom du er i tvil, kan det vere nyttig å kontakte ein fagkyndig som kan gjere ei nøytral vurdering.

**G. Oversikt over kven som er varsla**

- Alle naboar og aktuelle partar skal varslast 4 veker før søknaden blir send.
- Du må lage ei liste over kven som har blitt varsla, og du må leggje ved kvittering på at det er sendt varsel til dei respektive (for eksempel kvittering på rekommandert sending eller underskrift).

**H. Eventuelle mottekne klagar/protestar**

- Dersom du har motteke klagar/protestar, skal dei leggjast ved søknaden. Dersom du ikkje har motteke klagar/protestar, kryssar du av i boksen «ikkje relevant».

**7. Eventuelle merknader (ikkje obligatorisk)**

Her kan du skrive eventuelle merknader som du meiner er nyttig informasjon for kommunen når søknaden skal behandlast.

**8. Underskrift og erklæring**

Merk at det er ansvarleg eigar som skal underteikne søknaden. Underskrifta til ansvarleg eigar står inne for at det er gitt riktige og fullstendige opplysningar. Eigaren forpliktar seg til å følge dei oppførte føresegnene, inkludert føresegner som gjeld drift og vedlikehald.